

Notat

Frå: Næringsavdelinga v/ Ingvild Andersen

Til: Hovudutval for Næring og Kultur

Etablerarkurs 2016

Bakgrunn

Kontrakten med leverandør av etablerarkurs gjekk ut i 2015. Fylkeskommunen søker no leverandør av kurstenester i fylket for åra 2016 og 2017, og dette vert no lagt ut å anbud. Gjennom dette notatet vil vi m.a. orientere om det nye etablerarkurset.

Kva er etablerarkurs?

Etablerarkurs er eit tilbod til dei som ynskjer å starte eige bedrift. Det er eit uttalt mål i Verdiskapingsplanen at tal arbeidsplassar i fylket må auke. Folk som opprettar eigne arbeidsplassar er viktige i den samanheng. Fylkeskommunen og samarbeidspartnarane tilbyd etablerarkurs for å stimulere til meir gründerskap og for å gjere det enklare å satse på eigne idear.

Fylkeskommunen har tilbode etablerarkurs sidan 2012, i samråd med samarbeidspartnarar som Innovasjon Norge og kommunane. Etablerarkursetet har vore delt opp i fire samlingar med fokus på ulike tema. Til dømes marknad og kundar, forretningsmodell, budsjett og lønnsemd, forretningsplan samt avklare om det er rett å starte eige bedrift. Det har vore viktig å skape eit godt læringsmiljø med gode faglege diskusjonar med utgangspunkt i eigen forretningside. I tillegg til samlingane får deltakarane individuell oppfølging. I løpet av kurset får deltakarane også møte sentrale personar frå 1.linja (næringssjefar, næringsselskap, Innovasjon Norge, Inkubatorar og andre aktuelle aktørar) som kan hjelpe dei vidare. Det er årleg helde eitt kurs i kvar av dei fire regionane våre.

Kursopplegget har vorte utvikla undervegs. Det har vorte meir fokus på Lean Startup-metodikken (også kalla Smidig oppstart). I samråd med Innovasjon Norge har fylkeskommunen utvikla eit nytt kursopplegg frå og med 2016. Det nye kursopplegget byggjar på Lean Startup-metodikken. Kurset har vorte mindre omfattande i tid, med tre samlingar i staden for fire, med moglegheit for fleire individuelle oppfølgjingsstimar enn tidlegare. Kurset heiter grunnleggjande etablerarkurs. Målgruppa er etablerarar i tidleg fase, som treng kompetanse og rådgjeving i samband med utvikling av eigen forretningside.

I tillegg til grunnleggjande etablerarkurs ønskjer fylkeskommunen å tilby fire temakurs. Eitt innafor økonomi, eitt salskurs, eitt om forretningsmodellering og eitt om investorkapital. Temakursa skal i likskap med etablerarkurset vere gratis, og vert sett opp som sjølvstendige kveldskurs. Temakursa dekkjer tema som tidlegare var ein del av etablerarkurset og meir. Målgruppa er etablerarar i tidleg fase og etablerte småbedrifter.

Ved å sile ut tema som økonomi, sal, forretningsmodell og investorkapital i eigne kurs kan etablerarkurset fokusere fullt på idear med innovasjonshøgde, og der marknad og teknologi er ukjent. Målgruppa for etablerarkurset er på eit stadium der det ikkje er fullt så aktuelt å tenke forretningsplanar og -modellar, økonomi, organisasjonsform og så vidare, fordi dei enda ikkje veit om dei har eit levedyktig produkt som marknaden er villig til å betale for. For dei gründerande som kjenner marknaden sin og produktet dei vil tilby vil det vere meir aktuelt å velje temakurs. Dette vil ha noko å seie for dynamikken i gruppa som deltek på grunnleggjande etablerarkurs. Dei vil stå meir på lik linje sjølv om ideane deira kan vere heilt forskjellige.

Kva er Lean Startup?

Metodikken som ligg til grunn for gjennomføring av grunnleggjande etablerarkurs er «The Lean Startup» av Eric Ries. Metoden vert omtalt som Smidig oppstart på norsk. Eric Ries definerer ei oppstartsbedrift som «ein menneskelig institusjon designa for å lage nye produkt og tenester under forhold prega av ekstrem usikkerheit» (Ries, 2011,s.8). Lean Startup representerer ein metodikk som kan tilpassast alle typar bedrifter og som aukar sannsyn for at bedrifta lukkast.

Kjernen i metodikken handlar om handtering av usikkerheit. Har du ein ide der både løysinga, marknaden og teknologien er ukjent, er det klart at prosjektet har stor fallhøgde. Lean Startup gir verktøy som hjelper deg å minimere risiko. Mellom anna handlar det om å trekke kundar tidleg inn i utviklingsløpet, og avklare kunden sitt behov før løysinga vert designa. Hypotesedrivande prosessar der ein kontinuerlig testar og eksperimenterer opp mot kundane aukar kunnskap om løysing, marknad og teknologi. På den måten vert risiko minimert. Ein fallgruve for mange er at dei jobbar mykje med løysinga og for lite med marknaden. Då er risikoen at ein utviklar eit produkt som ingen er villege til å betale for. Kunden avgjer om du har ein god eller dårlig ide, og her ligg lærdomen.

Kor mange har delteke på etablerarkurs?

I åra 2012-2015 har 210 personar fullført etablerarkurs. For eitt år sidan gjennomførte vi ei undersøking blant dei som hadde gått på kurs i 2012, 2013 og 2014. Over halvparten av dei som då hadde delteke melde at dei anten hadde etablert bedrift eller at dei hadde ein idé under utvikling.

Samarbeid med næringssejfar, næringssekskap, inkubatorselskapa

Viss vi skal lukkast med det nye etablerarkurset og temakursa er det viktig å få med seg næringsmedarbeidarane i fylket. Tidlegare har 1.linetenesta vore involvert i rekrutteringsarbeid til etablerarkurs i tillegg til at dei har møtt opp på kurset for å presentere seg. Det skal vi fortsette med. I tillegg er det viktig at dei har kjennskap til kursopplegget og metodikken som ligg i grunn. Då vert det enklare å vite kven som vil ha nytte av grunnleggjande etablerarkurs, og kven som vil ha nytte av eit temakurs. I den samanheng vil fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge med fleire invitere alle næringsmedarbeidarar til ein kick-off for det nye kursopplegget. På samlinga vert det gjeve ein ny gjennomgang av Lean Startup, samt presentasjon av inkubatorane og Innovasjon Norge. Samlinga er ein del av fylkeskommunen si satsing på kompetansebygging i kommunane for å styrkje næringsapparatet, styrkje koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane og oppmuntre til eit næringsapparat som arbeider meir utoverretta og oppsøkande.

Den nye etableraropplæringa er utvikla i nært samarbeid med Innovasjon Norge. Vi har elles henta inn innspel frå kommunar og næringssekskap i samband med samling i september og ein studietur i november. Og vi har hatt eigne møte med m.a. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane for å få deira råd og tilbakemeldingar. Som ein del av arbeidet har vi også intervjuet etablerarar som tidlegare har gått på etablerarkurs.